Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 80 | Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Hamre

Emne: Folkemedisin | Bygdelag. Dalbygda

Oppskr. av: Saine Kvamme | Gard: Mundal

(adresse): Leiknestangen | G.nr. 10 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ein hardfør mann er ein som er lite mottakeleg for sjukdomar trass den ytre påverknad kan vera sterk i den leid. Den hardføre tolar frost, væte, svelt og smitte-påverknad utan å bli sjuk. Samanlikna med mine ~~barneår~~ minne på barneåra, tykkjest hardfør å ha fått innhaldet seig og uthaldande, medan det før helst tydde ein med vikingnatur.

Innstillinga til sjukdom har fått den meir almenne karakter som opplysingsarbeidet for folkehelsa ~~har~~ skapt: At dei sjuke har sitt menneske-verd, sine menneskerettar, og at sjukdom kan lækjast

2. Dei eldste eg har tala med visste ikkje om smitte i sin barndom, – dei kjende til kolera, tyfus, men skjøna ikkje smittefaren.

16213

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Dei drakk brennevin mot kolera [eldre segner]

3. Dette å tyggja på urter o.l, og ymse logar og salvar ligg så langt attende i tida at eg berre har ein tokke av at eg har høyrt om det. Brennevinet hadde dei sterk tru på.

4. Ukjend

5. — " —

Som nemnd i 3 ligg dette for langt attende for mine del. Dei gamle i grenda er borte og „Saga har glemt kva dei visste"

Som kjent hadde folk sterk tru på at brennevinet gjorde storverk i legekunsten. På somme ~~tern~~ hadde vel også sine spesialpreparat. Men dei fleste av desse ~~kjem med~~ vart vel ikkje publisert. Doktorar og prestar kjempa mot vankunna, lover og opplysing i same leid. Og etter 1870-80 åra vart det slutt på heime medisinen

Bygdedoktorar har eg ikkje høyrt tale om her.

Det einaste var ein og annan som tok blod, — årelating. Men også dette er frå 1870 åra og uklårt. — Iglar vart henta i vatn og tjörner og sette på svullar og blodkyler. - etterpå rulla dei iglane i mjöl. Blod-stemming ukjend

16213